




ÅRDAL TURLAG



Langeskavltind

ÅRSMELDING 2025

Styret i Årdal Turlag 2025

Leiar	Sonja Hestetun	På val i 2025 (kvart år)
Nestleiar	Helge Rørvik	På val i 2025 (kvart 2. år)
Kasserar	Sølvi Hatlevoll	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Anders Lindborg	På val i 2026 (kvart 2. år)
Styremedlem	Cecilie Holst	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Frank Øyre	På val i 2025 (kvart 2. år)
Styremedlem	Inge Seglem	På val i 2026 (kvart 2. år)
Varamedlem	Odd Einar Frosta	På val i 2025 (kvart år)
Varamedlem	Kristin Hestetun	På val i 2025 (kvart år)

Undergrupper

Barnas Turlag	Tonje Lund Tufte Lene Haglund Mona Holmefjord Lena Nyheim Igari Astrid Øvstetun
Fjellsportgruppa	Martin Walderhaug / Henrik Foss
Mosjonsskulen Årdal Gålag FTU	Jorunn Haug Johansen Gunvor Nordås Trine Hestetun

Nemder og utval

Revisorar	Bjørn Lindland Hans Otto Tråi
Valnemd	Bjørnar Svortevik Ellen Veum Sissel Irene Sperle
Støls-og topptrim	Inga Jane Vie Karlsen Olav Kjell Moen Rune Valsvik Mats Lindborg
Stirydding Dugnadsgjengen Gravdalen	Frank Øyre / Inge Seglem Ole Magnar Nundal

Leiaren har ordet

Alt i alt har 2025 har vore eit positivt år med ulike aktivitetar, samarbeid og engasjerte medlemmar med eit sterkt ønskje om å gje folk fleire gode opplevingar ute. Sjølv om veret har vore skiftande, har turlysta vore på topp. Mange har vore på tur, både korte nærturar og lengre fjellturar. Besøket har auka, og mange turistar og lokale har funne vegen til sela i Gravdalen.


Dugnadsinnsatsen har vore imponerende. Mange frivillige har bidrege med mange timar til diverse dugnadsarbeid. Turlaget må særleg takka for det viktige engasjementet frå frivillige, og samarbeidet med lokale krefter som har vore avgjerande for å halde turtilbodet oppe på fleire av stiane i heile bygda etter uveret Amy.



Det har vore stor dugnadsinnsats for å rydde etter Stormen Amy

Nytt i år er at mange har teke på seg eit viktig ansvar som Sti-fadder for å ha tilsyn og vedlikehald av «sin» sti.

Nye Støls- og topptrimmen 2025 - 27 vart annonsert i april, med eit motiverande føredrag av spreke Thea Kopola Røhme. Komitéen har gjort ein framifrå jobb for å få godkjenning frå grunneigarar og Statsforvaltaren når det gjeld å setta opp nye turpostar.



Skorsfjellet er ein av postane på Støls- og topptrim

Årdal turlag har fokus på berekraft, og er oppteken av å skape eit friluftsliv med minst mogleg fotavtrykk for natur- og dyreliv, og oppfordrar difor alle til å vise omsyn når de er på tur.

Elles er turlaget oppteken av sikkerheit når ein bevegar seg ut i naturen, enten ein går saman med turleiar eller åleine på tur. Difor er det også i år arrangert kurs med fokus på 1.hjelp og kart og kompass. I tillegg har no Gålaget alltid med seg hjartestartar på tur. Det er òg søkt Nasjonalparkstyret om løyve til å setta opp ei bru over Gravidøla med krysningspunkt der stølsvegen fra Fardalen går. Turlaget har for tida eit eige møterom til bruk for alle gruppene etter behov. I tillegg finn me alt utstyret lagra, tilgjengeleg i same bygget som møterommet. FTU og Barnas turlag har hatt god deltaking, med fokus på lek, læring og tryggleik i naturen. Turbotrim og familietoppar har fått fleire til å gå saman til eit felles turmål. Dei spreke mosjonistane på Mosjonsskulen og seniorane i Gålaget har som vanleg vore flittige med turar og aktivitet som kombinerer natur og sosialt fellesskap.

Sjølv om fleire av turane måtte avlysast på grunn av veret år, har Turleiarforum laga ein spennande turplan for 2026. Oversikt over aktivitetar, når og kvar desse turane skal gjennomførast finn du informasjon om på FB og i Årdalskalenderen. Følg oss på #aardalturlag, og på www.dnt.no/ardal eller www.dnt.no/dnt-der-du-er finn du informasjon om Årdal turlag. Eit tips er å følgje www.dnt.no, <https://ut.no> og UT appen som kontinuerleg blir oppdatert. Dette for å gjere det enklare for deg når det gjeld turtips, aktivitetar og hyttebestilling over heile landet.

Mange takk til alle som stiller opp for Årdal turlag! De er med på å styrke rolla vår som samlande aktør for naturglede og fellesskap for alle i bygda vår.



På tur med vaksenopplæringa

Me ser fram til nye prosjekt og nye moglegheiter, og ønskjer å vidareføre samarbeidet både intern i turlaget og auka samarbeid med fleire eksterne samarbeidspartar.

Ulike turinitiativ og sosiale media har trekt både lokale, nye årdøle og tilreisande deltakar på tur. Det er veldig kjekt å sjå både nye og kjente fjes på tur! Me gledar oss til nye sosiale aktivitetar, godt samarbeid og fleire gode naturopplevingar saman i året som kjem.

Sonja S. Hestetun
Leiar Årdal turlag

Rekneskap 2025

INNTEKTER		I ÅR		I FJØR
Medlemsinntekter	kr	16 750	kr	20 750
Medlemsinntekter mosjonskulen	kr	38 250	kr	-
Overføringer DNT	kr	182 585	kr	244 246
Salg Kalendarar	kr	77 360	kr	83 220
Salg/støtte turbok	kr	21 536	kr	55 637
Inntekt Gravdalen	kr	44 250	kr	16 163
Inntekt Støls og topptrim	kr	58 100	kr	3 750
Inntekt Turavgift	kr	-	kr	23 700
Inntekt kurs/arrangement	kr	37 300	kr	31 293
Tilskot/støtte/fond	kr	218 362	kr	166 900
Overføring Norsk Tipping	kr	13 185	kr	9 714
Andre inntekter	kr	1 030	kr	700
SUM INNTEKTER	kr	708 708	kr	656 073
UTGIFTER				
Utgift kalendar	kr	32 422	kr	34 118
Utgift turbøker nærposter	kr	5 397	kr	5 783
Utgift Gravdalen	kr	8 443	kr	15 356
Utgift transport turar	kr	8 382	kr	14 106
Utgift støls og topptrim	kr	67 457	kr	-
Utgift arrangement	kr	118 432	kr	155 458
Støtte til andre lag og organisasjonar	kr	7 500	kr	8 500
Leie/kostnader lokaler	kr	56 814	kr	-
Kostnad inventar/utstyr	kr	103 163	kr	29 159
Programvare årlig vedlikehold	kr	13 992	kr	11 221
Kostnader klede/luer	kr	30 550	kr	21 615
Rep.vedlikehald stiar/tuområde	kr	25 575	kr	88 346
Andre honorar	kr	10 000	kr	-
Andre kostnader	kr	5 318	kr	1 259
Trykksaker	kr	13 471	kr	11 943
Kostnader kurs/møter	kr	33 335	kr	24 692
Porto	kr	78	kr	950
Momskompensasjon DNT	kr	45 446	kr	103 083
Reklame/markedsføring	kr	8 763	kr	15 000
Kostnad SF Turlag	kr	47 582	kr	43 185
Gaver	kr	6 196	kr	5 825
Forsikringspremie	kr	4 653	kr	4 269
Utgifter Styremøte/årsmøte	kr	15 313	kr	21 532
Bank og kortgebyrer	kr	3 682	kr	2 676
Tilgang/bruk av fond	kr	115 360	kr	20 549
SUM KOSTNADER	kr	696 432	kr	391 361

Renteinntekt Indre Sogn Sparebank	kr	57 402	kr	31 157
SUM RENTEINTEKTER	kr	57 402	kr	31 157

<u>ÅRSRESULTAT</u>	kr	<u>69 678</u>	kr	<u>295 869</u>
---------------------------	-----------	----------------------	-----------	-----------------------

STATUS pr. 30.september

Medlemskonto	kr	154 641	kr	139 088
Brukskonto	kr	445 591	kr	307 738
Sparekonto	kr	1 244 574	kr	1 189 653
Mosjonskulen - konto	kr	98 001	kr	-
Fjellsportgruppa - konto	kr	69 880	kr	73 863
<u>Sum</u>	kr	<u>2 012 687</u>	kr	<u>1 710 341</u>

Eigenkapital 01.10	kr	1 517 847	kr	1 221 978
Eigenkapital mosjonskulen 01.10	kr	74 397		
Fond Årdal Turlag	kr	20 000	kr	10 000
Fond Fjellsportgruppa	kr	53 873	kr	53 873
Fond FTU	kr	183 860	kr	88 963
Fond Barnas Turlag	kr	60 121	kr	39 658
Leverandørgjeld	kr	32 910	kr	-
Årets overskot/underskot	kr	69 678	kr	295 869

<u>Eigenkapital 30 september</u>	kr	<u>2 012 687</u>	kr	<u>1 710 341</u>
---	-----------	-------------------------	-----------	-------------------------

Øvre Årdal 14.10.2025

Bjørn Lindland
Bjørn Lindland

revisor

Hans Otto Tråi
Hans Otto Tråi

revisor

Sonja Hestetun
Sonja Hestetun

leiar

Sølvi Hatlevoll
Sølvi Hatlevoll

kasserar



MEDLEMMAR I ÅRDAL TURLAG

	2025	2024
DNT Medlem	337	343
DNT Barn/Ung 0-18år	52	55
Fjellsportgruppa	0	0
Årdal Turlag lokalt	67	83
<u>Totalt</u>	456	481

Øvre Årdal 14.10.25

Hans Otto Tråi

Bjørn Lindland

Turrapportar

Trugetur på Seimsåsen, 11. februar

Trugeturen gjekk denne gangen på Seimsåsen med fullmåne og flott ver. Ruta starta med å følge skiløypa til der 10 kilometeren startar for så å gå oppover til Mastrehaugfjellet. Vidare til Biskaholten og nedatt, ein veldig fin rundtur. Totalt 11 som var på tur.



Super kveld på trugetur

Rune

Langeskavltind, 5. april

Det var ikkje så stor oppsluttnad om denne flotte skituren, sjølv om den er med på kommane periode på Støls-og topptrimpostane.

Værmeldingane var gode, men det var meldt litt vind, som det heldigvis ikkje vart noko av. Godt at YR tek feil av og til.

Turen gikk i strålande vær, og om lag vindstille.

Turen starta med beltebil frå Tyin og inn til Eidsbugarden. Denne turen i seg sjølv er ei oppleving.




Transport til og fra Eidsbugarden med beltebil

Me var 4 karar som var klare for tur frå Eidsbugarden/Fondsbu litt over kl. ni om morgonen.

Fyrste del av turen fulgte me stikkaløypa mot Skogadalsbøen, opp Sløtafjellet og innover mot Kvitevatn.

Etter ein liten matpause, starta me på oppstigninga mot Uranosbreen. Til høgre for denne og opp i skaret på sørryggen av tinden.

Så fulgte med ryggen heilt opp på toppen, 2014 moh. Siste biten tok me av oss skia og gikk på føtene.



Postkort bileter fra toppen

Føret var ganske skarpt/hardt, så nedatt turen gikk i roleg tempo og lange sikk-sakk svingar, så lårmusklane fekk kjørt seg.

Me hadde fleire korte og lengre stopp med mat og drikke i finværet, og var nedatt på Fondsbu etter ca. 9 timar på tur.

Der venta ein god 3-retters middag med godt drikke til, og på kvelde var det musikk av Twang og god stemning på hytta.

Søndag var det beltebil utatt og me var særns nøygde med helgi og turen.

Rune og Olav Kjell

Åsenosi, 30. juli

I dag arrangerte Årdal Turlag fellestur fra Holsbru til Åsenosi-en middels krevende tur på ca 9 km tur/retur og med rundt 650 høydemeter stigning. Turen gikk i flott turvær. Hurrungane lå dessverre innhyllet i skyer men vi fikk en flott utsikt ned til Øvre Årdal og det irgrønne Årdalsvatnet. Totalt var vi 13 personer inkludert to turledere. Alle gjennomførte med stil- uten skader eller uhell. Takk for turen!



Super utsikt!

Helge og Gabor

Galdane (Lærdal), 23. september

I dag var turlaget på kombinert tur og språkopplæring saman med vaksenopplæringa ved Årdal vidaregåande skule.

Me tok buss til Galdane i Lærdal, og vandra « skravlande» på norsk fram til garden der Lasse Galden budde i 1660 åra.

Der smakte det godt med mat i flott haustsol.

Tida gjekk fort, så me vandra tilbake samme vegen.

Imponerende kor flinke alle er til å snakka norsk så praten gjekk godt «begge vegar»



Dette var ein positiv tur, uansett kvar du kjem frå og kva språk du elles snakkar. Ein stor takk til Sogn friluftsråd som bidrog med økonomisk støtte, og til Sogn Sparebank som sørga for at alle fekk nyta maten på eit godt og varmt sitteunderlag.

Årsmelding, Årdal FTU 2025



I 2025 hadde FTU åtte turar/aktivitetar om våren og skal ha fem turar/aktivitetar før jul. Turane/aktivitetane er ei blanding av ting me har gjort før, og utprøving av noko nytt/nye samarbeid.

Dette året har me fått økonomisk støtte frå Hydro Aluminium (30 000,-), og me har fått støtte frå Hydro Energi som dekkja bussen vår då me reiste på Løveleikane (7 562,-). Det set me enormt stor pris på, og det er heilt avgjerande for at me skal kunne lage til spennande og trygge aktivitetar for alle som er med oss på turar/aktivitetar. Det gir oss også høve til å leike med nye, spennande tankar om aktivitetar og tiltak for FTU'arane.

På den mørkaste tida av året, må me tenke litt alternativ til turar utandørs. Me er mellom anna på tredje året med samarbeid med SOK, der me får kome i teknologiparken og prøve ut spennande teknologi som er tilrettelagt for målgruppa vår. Dette gjorde me i januar. I februar gjentok me suksessen frå 2023 med aktivitetsdag i Tangenhallen. I mars tok me i bruk ein laurdag for å få dagslys. Då var me for andre gong i Fardalen, der me igjen fekk svært god hjelp frå skigruppa i IL Jotun. Det var køyrte opp flotte løyper og sett ut mange ulike hinder og aktivitetar til oss. Me grilla, og alle som ville fekk køyrer opptil fleire rundar på scooteren.

Når det utover våren blir lysare ettermiddagar, kan me gjennomføre turar/aktivitetar ute att. I april er russen som regel i gang med si russetid, og me inviterte dei som vanleg med oss på aktivitetar, leik og moro. I år nytta me området rundt naturhuset i Skåri og hadde ein fantastisk ettermiddag i lag med russen der. Dette er no blitt ein veldig kjekk tradisjon.



Ein annan tradisjon er friidrettsdag og fotballkamp i mai mot Årdal FK. Dette er verkeleg eit høgdepunkt for mange. Også i juni var det klart for ein triveleg tradisjon. Då var det som vanleg bankett for å markere slutten på FTU-året. Me leigde lokale og bestilte mat hjå Klingenberg Hotell og som året før hyra me inn Joacim Styve og Thomas Nordheim Moen til å spele for oss. Det vart dansing til langt på kveld!



I mai vart det to aktivitetar, for då går også Løveleikane i Sogndal av stabelen. I år fekk me sponsa mini-buss frå Hydro Energi, så me kunne reise saman i lag utover til leikane. Det var utruleg samlande og veldig kjekt. Me reiser nok garantert på dette neste år og. Då er det ytra ønske om felles middag før me reiser innover att. Det skal me prøve å få til.



I august gjennomførte me den faste padlinga med Bulder og Brak. Dette er alltid ein stor suksess. I år var vêret med oss også, så da vart det ekstra koseleg med felles dansing ute og grilling. Me leigde inn Sofie Moen som laga ein fantastisk video frå dagen til oss. Denne ligg ute på Facebook.



I september prøvde me oss på ein heilt ny aktivitet. I samarbeid med friidrettsgruppa laga me til FTU-trim då arrangementet Hydro rundt vart arrangert. Det var veldig stas å få ein eigen «klasse» for FTU'arane, og me la til rette for at løypa kunne tilpassast slik at alle kunne gjennomføra uavhengig av funksjonsnivå. Nokon sprang, nokon gjekk, nokon trilla, nokon tok den lengste runden, mens andre tok ei kortare løypa. Det var veldig kjekt å vere del av eit større arrangement, og skikkeleg stas med så mange tilskodarar som heia. Me hadde heile 15 stk. på startlista. Det er godt mogleg me prøver oss på dette neste år og.

I oktober inviterte me alle i FTU til å vere med som bøsseberarar for TV-aksjonen. Årets TV-aksjon gjekk til Atlas-alliansen, og midlane skal opne dører for personar med nedsett funksjonsevne som lever i krig og fattigdom. Dette vart då spesielt relevant for vår gruppe, der mange lever med nedsett funksjonsevne sjølve. Me fekk tre roder og gjekk i tre grupper. Det vart ein fin ettermiddag. Elles i oktober vart det også gateorientering med appen «Fotspor». Dette har me gjort eit par gonger no, så alle er blitt flinke til å finne dei digitale postane med ulike spørsmål. Etterpå var det aktivitetar inne på Årdal vidaregåande skule. Me dansa sjølvstøtt FTU-dansen, men prøvde også å introdusere nokre nye sangar/dansar som nokre av FTU'arane har lært seg på sommarleir på Sandane (folkehøgskule). Det vart servert ostesmørbrød som «turmat». Det er alltid veldig populært.



Dette er så langt som me er komne i 2025. Me har framleis att den tradisjonsrike graut-turen og juleavslutninga framme på Timbersletta i låven hjå Magne Nordgulen og Laura Brons. Dei fleste går då fram frå Svalheim og så står grauten klar på låven når dei har gått turen. Vidare blir det eit lite julelotteri, og truleg kjem nissen med godteposar i sekken.

Alt i at er me godt fornøgde med oppmøtet og arrangementa som har vore. Me prøver å ha variert og tilpassa innhald og kosar oss verkeleg!. Me ser også at me har fått mange følgjarar på Facebook, så det er ikkje lenger berre FTU'arar som kjenner til arrangementa våre. Det tykkjer me er skikkeleg stas. Viss ein er interessert i å sjå bilete frå turane våre, så er det berre å følgje oss på FB.

Frå styret:

Trine Hestetun Danielsen, Nina Framstad-Helle, Line Hillestad og Nina Jevnaker

Gravdalen 2025

Vintermøte i dugnadsteamet var halde 14. - 16.februar. Me kom opp i fint og kaldt vintervær fredag kveld. Det er relativt lite snø i år, og bare flekkar rundt seli. Brui over Gravdøla har på ny fare med isdemmer i elvi. Det ser ut som «vårløysing» midt på vinteren har vorte eit årvisst fenomen, so det blir neppe laga ny bru på same staden fleire gonger. Laurdag var turdag, og me tok på trugene og gjekk innover dalen og opp på Gravdalsryggen, like opp på Gravdalenosi, til fantastisk utsikt over mykje av Vest-Jotunheimen. Det var litt vind på Gravdalsnosi, so me «skunda» oss nedatt i småskogen, og fekk med oss siste solstrålane i selveggen. Kvelden kom med god, felles middag i Svalheimssælet. Søndag vaska me opp og rydda seli før me tok på broddane og lista oss nedatt på svedlekulene. Denne vinterturen til Gravdalen i fullmåne, har vorte ein fin tradisjon, som me har tenkt å halde fram med.



Flott på Gravdalen på vinterstid!

Det har vore 2 store dugnadshelgar i år, og med god deltaking. Slått i august, og ved-dugnad i oktober. På slåttedugnaden, 29.aug. - 30.aug, var me 5 personar, so arbeidet gjekk godt unna. Fint vær laurdag gjorde det triveleg å arbeide, og det blei høve til bålpyring og grilling om kvelden.



Stølsbøen før og etter slått

Ved-dugnaden, 17. - 19. oktober hadde 10 deltakarar. Været vart mykje betre enn meldt, og me hadde fint arbeidsvær heile laurdagen, og me fekk laga mykje ved til neste år. Med so god deltaking, gjekk arbeidet lett, og me sende ein delegasjon inn dalen til vadestaden for stølsvegen, for å ta mål og starte planlegging av ny bru der inne. Lønsjen laurdag åt me ute, og til middag dekkja me på til alle inne i Svalheimssælet. Og i Svalheimssælet vart me sittande, etter middag, til det var tid for å leggja seg. Med eit ekstra bord og to ekstra benker var det koseleg å sitte samla der.



Veddugnad - nyttearbeid, god trim og sosialt!

Gravdalen hadde besøk av eit turfølgje på 20 personar organisert av Slingsbystiftinga laurdag 19. juli. Dei hadde bestilt rømmegraut, so Stian Aas Nundal og eg gjekk opp fredag kveld med 8 kg rømmegraut, masse spekemat, flatbrød og saft, i tillegg til mat og overnattingsutstyr til oss sjølve. Tidleg opp laurdag og varma graut i vannbad, og serverte til svært nøgde turdeltakarar då dei ankom stølsbøen i eitt-tida.

Gravdalen er eit turmål, som blir meir og meir brukt, både av lokale trimmarar og langvegsfarande fjellfolk. Mykje positive tilbakemeldingar i hyttebøkene, og det kjem tydeleg fram, at å få oppleve Utladalen (og Årdal) på denne måten, med slike overnattingstilbod, har stor verdi for mange. Og dermed også for Årdal sitt omdøme. 2025 har slege alle rekordar, og vedforbruk og gassforbruk har gått dramatisk i været

Nokre av oss har også hatt ein del snarturar opp med stearinlys, dopapir, bensin, reine handdukar, sengeklede, lampeolje, gass, rømmegraut og andre småting til drift.

Det er bokført 338 dugnadstimar i år.

Dugnadsgjengen er trufast og aukande.


Me likar svært godt at folk tek kontakt og vil vera med.

For tilsynsfolki på Gravdalen:

Ole Magnar Nundal


Tal på overnattingar

1.10.24-1.10.25



Overnattingar månad

1.10.24-1.10.25



Årdal Mosjonsskule, årsmelding 2024/2025

Samarbeidsavtalen med Årdal Turlag seier noko om føremålet med Mosjonsskulen

1. Drive eit trimopplegg med låg terskel for å delta
2. Skape eit lystbetont opplegg, med stor vekt på det sosiale
3. Drive målretta arbeid for å få «nullmosjonistar» til å ta vare på eiga helse
4. Drive rekruttering for Årdal Turlag

Aktivitet og sosiale tiltak

Me har hatt trening kvar mandag og onsdag frå 2. september 2024 og fram til og med 7. april 2025. Me avslutta treningssesongen rett før Påske.

Treningsopplegget har vore som tidlegare sesongar. Oppvarming ute med $\frac{1}{2}$ times valfrie tur, for deretter å møte i gymsalen til ei god treningsøkt.

Me har hatt to sosiale samlingar

Onsdag 10. desember – 24 hadde me avsluttning før jul. Det har blitt ein tradisjon å møtets på Samhold, til nydeleg julemat og hyggelig samvær.



Gode og mette etter nydelig julemat på Samhold



Oddrun Fredheim får blomster for jobben ho har gjort som kasserar

Onsdag 9. april - 25 hadde me avsluttning på sesongen . Då var me på Hjelle Gard, hjå trenaren vår, Irene. Det vart bestilt pizza og bakt gode kaker, og me hadde ei kjekk stund. Det ser ut som at dette og er blitt ein tradisjon. Denne sesongen har me hatt eit medlemsmøte, og tre styremøter.

Medlemstal og rekruttering

Også denne sesongen har me hatt eit medlemstal på 30 stk. Alderssamansetning frå rundt 60 år og til over 80 år. Oppmøte er varierende frå gong til gong, men + - 20 stk på kvar trening. Me har ein stabil gjeng, som møter opp igjen år etter år. Å behalda medlemmane, og rekruttera nye, er alltid eit tema. Me ynskjer at Mosjonsskulen skal bestå, og prøver derfor å leggja til rette for at alle skal trivast og ha lyst å møte på trening.

Med håp om rekruttering til Mosjonsskulen, deltok leiar på informasjonskveld på **Teknologisenteret, 25februar i år**. Trenar og eit styremdelem var med. Me presenterte Mosjonsskulen for dei frammøtte, og fikk på same tid høyre mange

flotte presentasjonar om dei ulike fritidstilbuda som finnes i bygda vår. Blir spennande å sjå om dette «stuntet» gir oss nye medlemmar til hausten.



Framføring på Teknologisenteret

Trenarkabal

Irene Ruud har hatt treningsansvar for begge treningsøktenen våre denne sesongen. Det har gått kjempeflott, og ho har gjort ein super jobb. Ved sesongslutt, gav ho beskjed om at ho frå hausten av, berre ville ha ansvar for ein treningsdag i veka. Me må derfor enno ein gong på leit etter ein trenar, som kan dele jobben med Irene.

Kasserar

Etter at kasserar melde frå om at ho gav seg, etter 23/24 sesongen, brukte me ei tid på å finne ny kasserar. Nytt namn i vervet var på plass til haustsesongen, men etter ei tid måtte vedkommande trekke seg. Etter styremøte og samtale med medlemmane, la me fram spørsmål til leiar i Årdal Turlag, om dei kunne overta kasseraransvaret. Dette gikk etter kvart i orden frå våren -25

Styret i Mosjonsskulen haust 2024 / vår 2025

Jorunn Haug Johansen	leiar
Oddrun Fredheim	Kasserar (fram til 1. nov 2024)
Irene Ruud	trenar
Norvald Osland	styremedlem
Tone Aas	varamedlem

Årdal Gålag, tursesong 19 - 2025

Det kom inn 35 forslag til tursesongen og vi sette opp 26 turar i turprogrammet vårt. Samla antal på desse turane var 670 og 433 følger oss på FB. 2 turforslag vart ikkje gått, men endra til andre turar og 3 turar måtte vi endra dato på grunn av veret.

Vi starta tursesongen med kveldstur til skihyttene våre. På desse to turane deltok 49 personar Dei turane som hadde flest deltakarar i år var Vikadalen rundt med 36 personar, Dette er ein populær tur som i fjor hadde 62 personar med. Turen til Hugakollen i Vang hadde og 36 personar i år. Her har Gålaget vore tidlegare og etter kvar tur blir det servert rommegraut på hytta til Synnøve og Reidar.



Som regel alltid godt oppmøte på Gålagsturane. Her fra pilgrimsruta til Tendlehytta

I år hadde vi tur til Nundalen. Dette var 4. gong Gålaget har tur til Haugstad i Nundalen. På grunn av dårleg ver var det berre 15 personar som var med. Etter turen til Dalsdalen spanderte Gålaget middag på Gaupnetunet. Vi hadde og middag på Fondsbu etter turen på Skinneggi. Vertinna på Fondsbu tok ein sang som vanleg for oss, ho var alltid så glad når det kom årdøler på besøk og spesielt Gålaget sa ho.

I år har Luster Gålag og Sogndal Gålag hatt turar i Årdal. Turane gjekk til Bjørnholten og Paradisjuvet. 50 personar deltok på desse turane. Bjarne var kjentmann og fekk mange positive tilbakemeldingar.

Besøk på Åbo blir ein av fyrste dagane i nov. Her visar vi film frå turane våre, har sang og musikk. Dette set bebruarane stor pris på.

Dagsturhytta har godt med besøk, og i haust vart stien opp fyrste ura sikra av stigjengen i turlaget. Stormen Amy velta ein del tre på Moakamben. Håpar dette kan bli rydda til sesongen startar.

Etter den triste hendelsen vi opplevde på Molden i fjor har Gålaget kjøpt inn hjertestarter om vi har med oss på turane våre. 7 personar tok opplæring på bruk av hjertestartaren.

Til slutt vil eg takka alle turleiarar og kjentfolk, men ikkje minst den flotte turgjengen for alle fine turminner som dei har delt med meg i år.

Gunvor



Barnas Turlag

Årsrapport 2025

Barnas Turlag består av:

	Lene Haglund	Tonje Lund Tufte
Lena Nyheim Igari	Mona Holmefjord	Astrid Øvstetun

Turåret 2025 vart eit år med dessverre mindre aktivitet enn me hadde håpa. Kun tre arrangement vart gjennomført.

Vær, logistikk og samarbeid med andre grupper spela inn. Barnas løp under Vettisløpet tok friidrettsgruppa over.

Men me har stor aktivitet med Turbotrim og familietoppar, der over 70 born deltar. Me har valt å utvide Turbotrimmen til neste haust 2026, da me fekk tilbakemeldingar og opplev sjølv at det vart kort med 1,5 sesong. Me er og så heldige å ha fått 10 000kr frå Hydro til premiar og vidare jobb med turbotrimmen.

Me vil gjerne takke dei gode sponsorane våre, me har fleire som bidreg med litt ekstra artiklar på turane våre. Kiwi som sponsar oss med det me treng av mat, drikke, tursjokolade, frukt og andre artiklar som flasker, sitteunderlag, grillspyd og refleks.

Europpris sponsar koppar, fat, bestikk og juleposar 😊

Planane for turåret 2026 er lagt og me håpar på større aktivitet og kjekke turar.

Glimt frå turåret

11.desember 2024

Nissetrim og grautfest på Timmersletti.

Her møtte over 40 born til rebus ute og graut på loven 😊



23 januar 2025 Lommelykttur frå Hjelle til Skåri

Eit kjekt samarbeid med Utladalen Naturhus med over 30 stk til stades 😊



Haustens Kom Deg Ut dag 7 september. Tur til Mastrahaugen

Ikkje så stort oppmøte, men me som gikk hadde ein kjekk tur i nydleg vær 😊



- Barnas Turlag

Årsmelding 2025

Styret 2025

I 2025 har det vært en del utskiftninger i styret. Gjeldende styresammensetning er som følger:

Styreleder:

Henrik Foss

Styremedlemmer:

Daniel Andersen Åmås

David Andersen Åmås

Eirik Hjertenæs

Thea Kristine Terjesen

Mats Lindborg

Kristian Larsen

Ingrid Eidsvaag

Skredkveld

Som et samarbeid mellom DNT, snøskredvarslingen Varsom, Fri Flyt og CARE ved UiT ble det arrangert skredkvelder rundt om i hele landet i løpet av samme uke i november. Vi gjentok suksessen fra en rekke år med gode arrangement. Ca. 60. fremmøtte fikk påfyll av livsviktig kunnskap for å ferdes trygt på tur i vinterfjellet.

Skredkurs, grunnleggende

Fjellsportgruppa arrangerte grunnleggende skredkurs med egen lokal instruktør. Full påmelding og nesten vanskelig å få med alle som ønsket å delta. Totalt 10 deltagere.

Kurset ble gjennomført på en tilfredsstillende måte med mange læringselementer i karakterbyggende vær.

Politikameratene

God gjennomføring på Hagaberg, selv om været ikke var av det beste. Ungdommen var stort sett fornøyd og fikk kjørt seg i vegg.


Klatrekurs

Det ble arrangert et klatrekurs med tre deltagere. Kurset ble gjennomført på en god og tilfredstillende måte.

Fjellsportpils

Det ble arrangert fjellsportpils før filmen "Trango". En gjeng som møttes før det var greit oppfølge på Årdal kino.

STIFTINGA AVDAL GARD



ÅRSMELDING 2025

2025 vart ein sesong der me hadde forventa betre besøk. Stort sett var veret veldig bra, men faktisk kanskje i varmaste laget for mange. Det danske paret Inger Lassen og Joakim Ljungdahl hadde sin tredje runde som vertskap og det er sjølv sagt greitt å ha med seg denne erfaringa frå tidlegare. Dei har fleire idear på korleis Avdalen kan gjerast enda meir attraktiv.

Opningstida har som elles vore frå midten av juni til starten av september. Totalt har det vore i overkant av 600 overnattingar. For at økonomien skal gå i pluss må det gjerast tiltak for neste sesong.

Politikameratane med konfirmantkulla frå både Årdal, Lærdal og Aurland har som vanleg vore hos oss, noko som er blitt ein tradisjon. Det er Årdal Tenk Tryggleik som er arrangør og vi har eit godt samarbeid som bidreg til at vi alle er nøgde med gjennomføringa i Avdalen.

Som vanleg har vi hatt sauer frå Ofredalen. Dyra gjer god beitejobb på innmarka og passar godt inn i landskapet.

Fjøsbluesen blei gjennomført laurdag 21.juni med godt besøk. Den faste dugnadsgjengen er oppegåande og gjer ein fantastisk jobb. Desse gjer alt av vedlikehald av husa og anna utstyr. Hausttakkefesten med ved-dugnad og rakfisk vert arrangert i nov/des.

Styret; Magne Folven, Gunn Cecilie Avdal Semstrøm, Kristin Hestetun, Veronika Næss og Odd Einar Frosta

Odd Einar Frosta
- leiar -

STIFTINGA AVDAL GARD Postboks 28 6882 Øvre Årdal
Org.nr. : 985858934 Tlf. : 97 67 20 30 Bankkonto: 3730 20.27391